



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 23.09.2014

---

**Sak nr.:** 14/6045-2

**Internt l.nr.:** 30036/14

**Sak:** 44/14

**Tittel:** **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 23.09.14**

**Behandling:**

### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Status forvaltningsrevisjonsprosjekt under arbeid v/Deloitte AS
  - Samhandling

*Det er avtalt intervju med assisterande fylkesrådmann veke 39. Informasjonsinnsamling vert ferdig ved utgangen av september. Rapport ferdig utgangen av oktober. Høyring i november. Det er mogleg rapporten vert ferdig til handsaming i kontrollutvalet 25. november.*

- Tilskotsforvaltning

*Intervjuavtaler denne veka(39). Ferdig med intervju i løpet av veke 40. Verifisering og høyring i midten av oktober. Rapport blir ferdig til handsaming i kontrollutvalsmøtet 25. november, med atterhald om at ein unngår ytterlegare forseinkingar.*

2. Finansiell revisjon
  - Plan for finansiell revisjon – orientering v/SF revisjon IKS

*SF revisjon IKS orienterte om plan for finansiell revisjon, og utvalet fekk ein grundig gjennomgang av revisjonsoppdraget med vurdering av oppdraget og handlingar som revisor skal gjennomføre der risikovurdering og vesentlegheit er sentrale tema. I tillegg informerte revisor om prioriterte handlingar i 2014. Utvalet tok orienteringa til vitande.*

3. Orientering om status i mva-saken mot Statens vegvesen v/SF revisjon IKS

*SF revisjon orienterte om status for mva-saken mot Statens Vegvesen der brev frå SF revisjon 12.09.14 til Skatt Vest vart gjennomgått. Kreditnota på i overkant av 6 mill. kroner er ikkje teken med i kompensasjonsoppgåva for 3. kvartal då mesteparten av denne summen er meirverdiavgift som fylkeskommunen ikkje har fått kompensert for.*

4. Status desisjonssaka v/kontrollsjef

*Kontrollsjef gjekk gjennom rapport, som er sendt på høyring hjå fylkesrådmannen. Frist for tilbakemelding er sett til 26. september. Rapporten skal handsamast i kontrollutvalet 6. oktober.*

5. Tertialrapport 2-2014

*Rapporten vart teken til vitande.*

6. Orienteringar frå leiar og kontrollsjef

- Leiar i kommunelovutvalet, Oddvar Flæte er invitert og vil delta i kontrollutvalsmøtet 25. november.
- Det er sett opp eit ekstraordinært KU-møte 6. oktober kl. 0900. Møtet vil bli avvikla som telefonmøte.
- Kontrolluvallet diskuterte innspel som leiar kan ta med til møte Finansutvalet 24. september.